



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Håvar Dale
Dalsvegen 247
2940 HEGGENES

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

BØHMAR - 26/5893

Arkiv:

4/148, L33

Vår dato:

08.06.2026

Saksnr.	Utval
152/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
113/26	Kommunestyret

Vedtak om deling - 4/148 Frådeling av areal til gangveg skistadion

Tiltak: Frådeling
Eigedom: Gbnr: 4/148
Tiltakshavar: Håvar Dale

Delegasjonssak nr.: 152/26

Vedtak

1. I samsvar med Øystre Slidre kommune sitt delegasjonsreglement godkjenner kommunedirektøren v/ leiar av Næring, plan og byggesak søknad om frådeling av eit areal på om lag 2 dekar som omsøkt frå eigedom gnr. 4 bnr. 148. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, litra m.


2. Kommunedirektøren gjev oppmålingsingeniøren mynde til å fastsetje dei endelege grensene under oppmålingsforretninga.

Bakgrunn for saka

Øystre Slidre kommune v/ Teknisk drift søker på vegner av heimelshavar om frådeling av eit areal frå eigedomen gbnr 4/148. Heimelshavar til eigedom gbnr. 4/148 er Håvar Dale.

Den omsøkte tomte ligger innanfor områdene som er regulert gjennom gjeldande reguleringsplan for gangveg til skistadion og reguleringsplan for Beitostølen Arena.

Arealet skal nyttast til skiløype, fortau og annan veggrunn i samsvar med reguleringsplanane, og skal ha eit areal på om lag 2 dekar.




Figur 1 og 2: 1.utsnitt av topografisk grunnkart og 2 utsnitt av reguleringsplankart

Saksutgreiing

Håvar Dale har inngått avtale med Øystre Slidre kommune om vederlagsfritt overtaking av areal for felles infrastruktur.

Det omsøkte arealet er regulert til skiløypetrase, gangveg/fortau og annen veggrunn og inngår i reguleringsplan for Gangveg til skistadion vedteken 31.01.2019, oppdatert den 22.05.2025 og reguleringsplan for Beitostølen Arena vedteken 15.11.2001. Det omsøkte arealet skal nyttast i samsvar med reguleringsplanane.

Omsøkte frådelling ligg delvis innanfor aktsemdssone for flaum, jf. gjeldande faresonekartlegging. Dette gjeld i hovudsak den delen av arealet som er regulert til gangveg og skiløypetrase. I reguleringsplanen for gangveg til skistadion er det teke omsyn til konsekvensar knytt til overvatn, og naudsynte tiltak er sikra gjennom føresegnene til planen.



Figur 3: viser arealet som ligg innanfor aktsemdsone flaum

Vurdering:

Frådeling av ny grunneigedom, eller endring av eksisterande eigedomsgrenser, skal i medhald av pbl § 26-1 gjerast på ein slik måte at det ikkje oppstår forhold som er i strid med pbl, forskrift eller plan. Frådeling eller endring som nemnt, må heller ikkje gjerast slik at det blir danna tomter som er ueigna til busetnad på grunn av storleiken sin, form eller plassering. Vidare følgjer det av pbl § 28-1 at grunn berre kan byggast ut, eller eigedom blir oppretta eller endra, dersom det er tilstrekkeleg sikkerheit mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold. Det same gjeld for grunn som blir utsett for fare eller vesentleg ulempe som følgje av tiltak.

Omsøkte frådeling er i tråd med gjeldande reguleringsplan for Gangveg til skistadion og reguleringsplan for Beitostølen Arena. Kommunen er ikkje kjent med andre forhold som strid mot vilkåra i pbl §§ 26-1 og 28-1.

Tilhøve om overvatn er avklarte gjennom reguleringsplanane.

Omsøkte frådeling er vurdert etter naturmangfaldslova §§ 8-12. Ein kan ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med forvaltningsmål for artar og naturtypar. Frådelinga kan såleis godkjennast etter naturmangfaldlova.

Omsøkte frådeling er vurdert etter kulturminnelova §§ 3-11. Ein kan ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med forvaltningsmål for automatisk freda kulturminne. Frådelinga kan såleis godkjennast etter kulturminnelova.

Tiltaket krev oppmålingsforretning, som vil bli gjennomført i løpet av oppmålingssesongen. Jf. lokal forskrift om unntak frå tidsfristar for saker som krev oppmålingsforretning, vert det

ikkje gjennomført oppmåling i tidsrommet 1. november – 15. mai. Kommunen sin oppmålingsingeniør vil kalle inn til oppmålingsforretning.

Samla vurdering:

Med bakgrunn i saksutgreiing og vurdering ovanfor har kommunedirektøren v/ leiar av Næring, plan og byggesak kome fram til at frådelinga kan godkjennast som omsøkt.

Gebyr

Øystre Slidre kommune ved Teknisk drift må betale eit gebyr på kr. 6.683,- for handsaminga av delingssøknad etter PBL § 20-1 bokstav m, jf. kommunen sitt gebyrregulativ. I tillegg kjem gebyr for oppmåling og tinglysing.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar. Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Martina E. Böhme
Saksbehandlar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til:

Øystre Slidre
kommune

Bygdinvegen 1989 2940

HEGGENES